



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Masfjorden kommune

5981 MASFJORDNES

Dykkar ref.
16/540-17/1444

Vår ref.
17/3058

Dato
24.05.2017

Vedrørende klage frå Masfjorden kommune over Politidirektoratets avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i Vest politidistriktets lokale struktur

Justis- og beredskapsdepartementet viser til klage av 2. mars 2017 frå Masfjorden kommune. Vidare vert det vist til Politidirektoratet si avgjersle av 13. januar 2017 om endringar i den lokale strukturen i politidistriktet når det gjeld Masfjorden kommune.

Som grunngeving for si avgjersle har Politidirektoratet mellom anna vist til at klagen frå Masfjorden kommune omhandlar forhold som ligg utanfor verkeområdet til forskrifta.

Etter forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedstruktur i politi- og lensmannsetaten § 1 kan kommunar som vert påverka av endringane klaga til Justis- og beredskapsdepartementet på avgjersler frå Politidirektoratet om endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikter og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar.

Politidirektoratet har i brev av 24. mars 2017 til Masfjorden kommune, med kopi til Vest politidistrikt og Justis- og beredskapsdepartementet, avvist klagen og vist til § 3 i forskrifta som nevnt ovanfor. Direktoratet har vidare opplyst at Masfjorden kommune gjennom brev av 8. mars 2017 fekk høve til å endra klagen, slik at vilkåra i § 3 kunne oppfyllest. Masfjorden kommune fekk ein frist til 15. mars 2017 til å endra klagen. Politidirektoratet har ikkje motteke nokon endra klage frå Masfjorden kommune innan fristen som var satt opp. Avgjersla vart difor ståande.

Postadresse Kontoradresse Telefon - sentralbord Politiavdelinga
Postboks 8005 Dep Gullhaug Torg 4A 22 24 90 90
0030 Oslo 0484 Oslo Org.nr.: 972 417 831
0030 Oslo

Sakshandsamar
Jan Inge Helgheim
22 24 55 91
jan-inge.helgheim@jd.dep.no

I samband med klagen har Masfjorden kommune mellom anna ført opp følgjande:

«Klagen vår gjeld at den geografiske driftseininga vert for stor, og at Politidirektoratet har gått bort frå alternativ 2 frå politimeisteren, som her opna for at Nordhordland skulle kunna vera ei eiga geografisk driftseining.

Det som no ligg inne er ei eiga geografisk driftseining som omfattar store delar av Hordaland, der Nordhordland, Voss og indre deler av Hardanger kjem inn under same driftseininga».

Vidare er det ført opp at:

«Masfjorden kommune klagar på at det ikkje er definert kva oppgåver dei ulike tenestestadane skal ha i framtida. Kommunen meiner at det alt no må gjerast tydeleg kva minimums oppgåver tenestestadane skal ha i framtida, slik at kommunane kan vera trygg på at desse stadane vert både attraktive arbeidsplassar for politifolk i framtida, samt kva dei kan utføra av tenester for innbyggjarane våre».

Departementet forstår det slik at klagegrunnane som er gjort gjeldande er storleiken på dei geografiske driftseiningane, herunder at det ikkje er klart definert kva oppgåver tenestestadane skal ha i framtida. Dette er forhold som fell utanfor denne klageordninga.

På denne bakgrunn er Justis- og beredskapsdepartementet samd i Politidirektoratet si vurdering om at klagen må avvisast.

Politidirektoratet si avgjersle om avvising av klagen frå Masfjorden kommune av 2. mars 2017, jf. brev av 24. mars 2017, vert med dette stadfesta.

Ein kopi av dette brevet er sendt til Politidirektoratet til vitande.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Kopi: Politidirektoratet

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur